

**Saksframlegg**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet	7/19	29.01.2019

**Kommunale tenester på nærbutikken****Saksopplysningar**

- Kan nærbutikken få ei rolle som kommunen si forlenga arm i lokalsamfunnet?  
Kan kommunen spare pengar og folk få betre tenester ved å satse på kommunale tenester i tilknyting til nærbutikken?  
Kan butikken få ei sterkare rolle som utviklingsaktør, som nav i eit lokalt nettverk?

Dette er nokre av problemstillingane Merkur-programmet arbeider med gjennom utviklingsprosjektet «Kommunen og nærbutikken». Prosjektet er sett i gong etter initiativ frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Målsettinga med prosjektet er å få til tettare samarbeid mellom distriktskommunar og lokalbutikkar. Nærbutikken skal utviklast som eit lokalt servicesenter, med eit variert tilbod av tenester for folk og næringsliv. Det er også fokus på butikken som møteplass, både for fastbuande, tilreisande og nye innbyggjarar med behov for integrering.

Vidare ønskjer ein å stimulere til lokalt utviklingsarbeid der butikken får ei entreprenøriell rolle som nav i eit lokalt nettverk. Det blir arbeidd med å etablere forpliktande avtalar mellom butikk og kommune, der butikken tek på seg nye oppgåver i lokalsamfunnet på oppdrag for kommunen.

Etter initiativ frå nærbutikken i Todalen, har det kome ønske om at Surnadal også prøver ut dette konseptet på sine nærbutikkar. I Surnadal kan dette være aktuelt for nærbutikkane i Todalen, Bøfjorden og Bæverfjord. Ein føresetnad er at begge partar er positive til å prøve ut ei slik ordning.

**Vurdering**

Fleire lokalsamfunn har ei relativt stor gruppe eldre. Dersom folk kan bu lenger heime i lokalsamfunnet før flytting til omsorgsbustad eller andre typar institusjonar, vil kommunane kunne spare pengar på helse- og sosialtenester. Ei slik ordning vil dermed ha ei psykososial effekt, dette er noko av bakgrunnen for prosjektet.

Det er også ei viktig målsetting at dei små butikkane kan få fleire tilleggstenester, slik at dei får styrkt det økonomiske grunnlaget for vidare drift. Samtidig vil dette gi betre service for folk på bygda. Det ligg til grunn for eit slik samarbeid at kommunen betalar eit avtalt beløp til nærbutikken for å utføre eller være vertskap for dei avtalte tenestene.

Rådmannen er positiv til å prøve ut dette i Surnadal, der vi i første omgang legg opp til ei prøveordning på 3 år. Ordninga må evaluerast i år 3, for så å ta ei ny vurdering om ordninga skal forsette eller opphøre. Vi legg følgjande til grunn:

Nærbutikkens bidrag:	Surnadal kommune sitt bidrag pr.år:
1) Drift av «kaffe-krok» / sosial samlingsplass, offentleg toalett	kr 15.000
2) Avsette plass til kommunal info-skjerm (evt. touch-skjerm), og hjelp med bruk av denne.	kr 10.000
3) Lokal turist-info, legge ut brosjyrer, kart ol. Sal av bygdebøker, fiskekart mm	kr 5.000

Vi legg her opp til ein modell med 3 alternativ, der butikken tilbyr enten alternativ 1, 2 eller trinn 3, evt. ein valfri kombinasjon av alternativa.

Årleg communal kompensasjon blir dermed av butikken sitt valg i tabellen ovanfor.<sup>1</sup> Viss alle dei 3 nærbutikkane dette gjeld for går for både 1), 2) og 3) vil dette føre til ein årleg kostnad på kr 90.000,-

### Rådmannen si tilråding

- 1) Surnadal kommune går inn for ein prøveperiode på 2 år med å tilby kommunale tenester i nærbutikkane i Todalen, Bøfjorden og Bæverfjord.
- 2) Surnadal honorerer tenestene med maksimalt kr. 30.000,- alt etter som det konseptet butikken kan tilby.
- 3) Kostnadane maksimalt kr.90.000,- pr. år blir belasta næringsfondet og utbetalt over konto 13700.503.4510.

### Behandling i Formannskapet - 29.01.2019

Rådmannen endra innstillinga si i pkt. 1 i tilrådinga frå ein prøveperiode på 2 år til ein prøveperiode på 3 år.

#### Votering:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteken.

#### **Formannskapet sitt vedtak:**

- 1) Surnadal kommune går inn for ein prøveperiode på 3 år med å tilby kommunale tenester i nærbutikkane i Todalen, Bøfjorden og Bæverfjord.
- 2) Surnadal honorerer tenestene med maksimalt kr. 30.000,- alt etter som det konseptet butikken kan tilby.
- 3) Kostnadane maksimalt kr.90.000,- pr. år blir belasta næringsfondet og utbetalt over konto 13700.503.4510.